# Merknadsskjema – Avgrensa høyring / Endring av reguleringsplan etter forenkla prosess

| | |
|---|---|
| **Plannamn** | Eikanger næringsområde |
| **Arealplan-ID** | 1263_201114 |
| **Saksnummer** | 22/52429 |
| **Utarbeida av** | Tippetue Arkitekter AS |
| **Sist revidert** | 24.08.2022 |

| Nr. | Avsendar | Hovudpunkt i merknad/uttale | Forslagsstillers kommentar | Endringar | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Kart | Føresegner | Planomtale |
| | <u>Private merknader:</u><br><br>Ingen merknader frå private | | | | | |
| 1 | <u>Høyringsinstansar:</u><br>Statens Vegvesen<br>02.06.2022<br>Dokumentnummer 1 | Statens Vegvesen peikar på at rekkjefølgjekrav §1.4.7 ikkje er oppfylt for resterande del av regulert gang-/sykkelveg. | Tatt til følgje.<br>Det vises til kommunikasjon i forkant av at opprinnelig plan vart vedteken kor det er tydeleg at hensikta var at rekkefølgjekravet skulle vere knytt til gang-/sykkelveg frå Mykingevegen og opp til næringsområdet og at resterande 340 meter i retning Ostereidet ikkje var tenkt som del av dette rekkefølgjekravet. Tippetue Arkitekter AS peikar på dårleg trafikksikkerheit for mjuke trafikantar dersom gang-/sykkelveg vidareførast iht regulerinsplankart før det ligg føre planar om vidareføring utanfor planområdet si avgrensing.<br>Planføresegn/rekkefølgjekrav §1.4.7 vert endra. Dette medfører ei presisering av føresegna. | | X<br>(1.4.7) | X (side 45, 51, 52 og 53) |
| 2 | Statsforvaltaren i Vestland<br>24.06.2022<br>Dokumentnummer 2 | Uttalen går i hovudsak på at det for Statsforvaltaren ser ut til at rekkefølgjekrav §1.4.4 ikkje har vorte handheva som tiltenkt og at det ikkje er mange naturverdiar igjen med unntak av nokre område med myr i KBA3. Ettersom det dei siste åra har vore auka fokus på bevaring av myr i forbindelse med reduksjon av klimagassar, ønsker Statsforvaltaren at det «bør vurderast om det er mogleg å spare på eventuell natur som ikkje er planert, til resten av området er ferdig utbygd». | Ikkje tatt til følgje.<br>Næringsparken er i dialog med fleire bedrifter som ynskjer seg inn i næringsparken. Dette inneber at dei områda som er, og vert, planerte ikkje vil liggja planert lenge utan at det vert bygt ut på dei aktuelle tomtene. Det vil difor ikkje vere hensiktsmessig å legge inn endringar korkje i planskildring eller plankart. | | | |

# Endringsskjema: Oppsummering av endringar av planforslag

| Plankart | Reguleringsføresegner | Planomtale |
|---|---|---|
| Ingen endringar | Planføresegn/rekkefølgjekrav §1.4.7 vert endra som følgje av merknad/uttale:<br>Eksisterande § 1.4.7:<br>«*Delområda KBA1 og KBA2 kan byggast ut før gang- og sykkelvegen vert opparbeidd og teken i bruk.*»<br>Nytt § 1.4.7:<br>«*Gang- og sykkelveg langs E39, frå tilgrensing til o_V2, sør i planområdet, og fram til og med busshaldeplass i nordgåande retning skal vere opparbeidd og teken i bruk før delområda KBA3 og KBA4 kan byggjast ut.*» | Endring som følgje av merknad/uttale:<br>Endring/oppdatering i forbindelse med §1.4.7, er omtala/beskrive på side 45, 51, 52 og 53 i planskildringa |